

Opsangervågen Kystlag  
Sundsvegen 10  
5450 Sunde

15.09.2014

Hordaland Fylkeskommune

17 SEPT 2014

Hordaland fylkeskommune  
Kultur og idrettsavdelinga  
v/Stein Ottesen  
Postboks 7900  
5020 Bergen

MS Bjørn-West – oversyn over arbeid og bruk av tilskott 2014.

Til orientering blei det på siste årsmøte vedteke å endra namn på laget til Opsangervågen Kystlag. Org.nr., vedtekter osv er dei samme som før.

Arbeid som er utført så langt i år er følgjande:

Reingjering og spyling av gråvasstank.

«Blåsing» og opning av ferskvassrør frå vasstank til bysse, lugarar, bad.

Reingjering av skutebotn under hovudmotor.

Alt oljeblanda vatn pumpa på konteinrarar for å bli bragt til godkjent mottak.

Reingjering og spyling har vore tidkrevjande arbeid, då det gjennom mange år har samla seg mykje skit og rot om bord.

Vidare har vi konsentrert arbeidet om hovudmotoren. All smørelje blei tappa ned og levert til godkjent mottak. Systemtank, filter, veivhus osv vart reingjort, tvistfilter pakka om.

På verkstad blei delar av kjølevassrør på hovudmotoren skifta.

Luftfilter skifta.

Ny smørelje påfylt.

Tappa av gammalt kjølevatn (ferskvatn) på hovudmotor, spynt gjennom og fylt på nytt vatn.

Skifting av smørelje og smøreljefilter på Deutz hjelpemotor. Vaska ned hjm.

På utgiftssida har noko av pengane blitt nytta til innkjøp av diverse utstyr som ein har fått bruk for undervegs, som smøreniplar, rustløysar, pumpe, malingskrape osv.

I første halvår låg dugnadsinnsatsen på om lag 1.000 timar.

Oversyn over kostnader:


Westcon	kr. 52.146,-
Wartsila	kr. 3.874,75
L. Storesund & Sønner AS	kr. 7.960,-
Tess	kr. 1.867,-
DP Filtertechnik	kr. 112,63
Jans Hydraulikk AS	kr. 278,-
DO	kr. 385,-
DO	kr. 905,-
DO	kr. 38,-
Europris	kr. 208,90
Kyvik Industri	kr. 307,-
Sum	kr. 68.082,28

Vi viser til tilskott frå Hordaland fylkeskommune på kr. 50.000,-, og ber om at beløpet blir overført til vår konto nr. 3460.12.68843.

Biletedokumentasjon blir sendt elektronisk.

Vennleg helsing

Opsangervågen Kystlag

.....

Halvard Hammerø.